



Arkivsaknr: 2025/725-1
Sakshandsamar: Andris Hamre
Avdeling: Kommunedirektør

SAKSFRAMLEGG

Endring i forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og utgiftsdekking i Alver kommune

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Alver vedtek «Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og utgiftsdekking, Alver kommune, Vestland» slik den ligg føre.

Forskrifta trer i kraft 20. februar 2025 og erstattar tidlegare tilsvarande forskrift.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Vedlegg

- 1 forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og utgiftsdekking med synlege endringar 20250120**
- 2 forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og utgiftsdekking 20250120**
- 3 Spørsmål til Ordførar - Alver ungdomsråd**

Kort om saka

Det er i denne saka framlegg om to hovudendringar i forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og utgiftsdekking i Alver kommune.

- Godtgjering for ungdomsrådet sine medlemmar
- Ordførar sin rett til permisjon etter arbeidsmiljøloven §12-1 til §12-10, §12-12 og §12-15.

1. Godtgjering for ungdomsrådet sine medlemmar

Ungdomsrådet har i eit spørsmål til ordførar bedd om ei utgreiing av nivå på møtegodtgjersle for ungdomsrådet. Rådet har sjølv samanlikna gjeldande godtgjersle i Alver med andre kommunar i Bergensregionen og kommunar av tilsvarande størrelse som Alver kommune.

Ungdomsrådet ber i sitt spørsmål om å bli likestilt med eldrerådet og Råd for menneskje med nedsett funksjonsevne (RMNF).

Leiar i ungdomsrådet har i dagens godtgjerslereglement ei godtgjersle på 0,04% av ordførargodtgjersla per møte. Medlemmane/varamedlemmane i ungdomsrådet har tilsvarande ei godtgjersle på 0,03%

Leiar i andre nemnder og råd (td. eldreråd og RMNF) har i dag ei godtgjersle på 0,24% av ordførargodtgjersla per møte. Medlemmane/varamedlemmane i desse nemndene/råda har tilsvarande 0,09% godtgjersle per møte.

Ei endring i forskrifta kor ein fjernar ungdomsrådet som eigne liner i tabellen over godtgjersle og i staden lar dei inngå som del av «andre nemnder og råd» vil gjera følgande utslag økonomisk:

Leiar av ungdomsrådet frå kr 468,40 per møte til kr 2 810,40 per møte.

Medlemmar/varamedlemmar i ungdomsrådet frå kr 351,30 per møte til kr 1053,90 per møte.

Varamedlemmar får berre møtegodtgjersle når dei er formelt kalla inn til møtet, ikkje om dei møter på eiga initiativ.

Delkonklusjon

Kommunedirektøren er positiv til å gjere ei slik endring. Ungdomsrådet er som eldrerådet og RMNF eit lovpålagt råd for medverknad, jf *Forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd for eldre, personar med funksjonsnedsetting og ungdom (forskrift om medvirkningsordninger)*. Kommunedirektøren ser det som naturleg at desse råda blir handsama likt når det kjem til nivået på godtgjering for møtedeltaking.

2. Ordførar sin rett til permisjon etter arbeidsmiljøloven §12-1 til §12-10, §12-12 og §12-15.

I samband med gjennomgangen av godtgjerslereglementet blei kommunedirektøren merksam på at forskrifta ikkje regulerer ordførar sin rett til permisjon etter arbeidsmiljølova §12-1 til §12-10, §12-12 og §12-15, kun sjukepengar, forsikrings- og pensjonsordningar.

Delkonklusjon

Kommunedirektøren har samanlikna Alver si forskrift med andre kommunar sine forskrifter og gjer framlegg om at kommunestyret tek inn eit nytt punkt c under § 6 i forskrifta;

«Ordførar har etter søknad rett til permisjon i samsvar med arbeidsmiljøloven § 12-1 til § 12-10, § 12-12 og § 12-15. Under permisjonen beheld den folkevalde godtgjeringa i inntil to veker, med mindre han eller hun gjer avkall på den. Under svangerskapspermisjon, omsorgspermisjon, fødselspermisjon, foreldrepermisjon og ved barn sin og barnepassar sin sjukdom har ordføraren rett til å behalde godtgjeringa etter same reglar som gjeld for tilsvarande permisjonar for tilsette i kommunen. Søknad om permisjon blir avgjort av kommunestyret.»

Tilråding

Kommunedirektøren tilrår at kommunestyret vedtek ny forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og utgiftsdekning i tråd med dei endringar som er skissert i saksframlegget og som kjem fram i vedlagte framlegg til ny forskrift, sjå dokumentet forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og utgiftsdekking med synlege endringar 20250120.